

Kristen Forening for Helsepersonell

NYHETSREV 1/2019



MOTTO
Dere er verdens lys, dere er jordens salt

LEIARARTIKKEL

Kjære medlemmer!

I skrivande stund sit eg på toget på veg heimatt frå ei konstruktiv arbeidsveke i Oslo. Me har hatt landstyre-møte i KFH. I samband med landstyremøtet har me også sett av litt tid til å be og å søkja Herren for vegen vidare i KFH. Det er så viktig at me går i takt med Han. «Uten Herren kan me ingenting gjera», står det i Johannes 15.

Eg fekk også med meg Menneskeverd si utdeling av Livsvernprisen den 4. februar.


Sist, men ikkje minst hadde KFH fellesmøte med NKLF i Oslo den 5. februar. Sigbjørn Vindheim gav oss eit svært interessant foredrag om psykisk helse og Guds Ord. Han har takka ja til å koma til landsmøtet vårt, og vera festtalar. Det kan de gleda dykk til!

Andre veka i januar var eg og Kristina Berg Torskenæs med på den Europeiske bønneveka til HCF i Ukraina. Det var som vanleg ei sterk og god oppleving. Det er så berikande å ha vener frå mange nasjonar som brenn for dei same verdiane. På mange måtar ser det veldig mørkt ut, men ei slik samling er alltid til oppmuntrande. Me får sjå at Gud arbeider i det skjulte. Han har ikkje gitt opp Europa.

Anne de Leyser frå bønnehuset Ffald-y-Brenin i Wales var gjestetalar. Ho brenn for at Guds kongedømme – verdier, og Hans nærvær skal gjennomsyra alle samfunnslag, også helsevesenet. Sjå Anne sitt eige innslag i nyhetsbrevet.

De har fått tilsendt 2 Flyers om Landsmøtet. Det er fint om de gir den eine, eventuelt begge, til nokon de trur kan vera interessert. Slik kan de vera de med på å spreia informasjon om møtet. Vil ellers minna om andre arrangement, som Årskonferanse i Sverige 5.-7. april, og Global Bønneveke i Sør Afrika 13.-18. oktober. De får meir opplysninger på nettsida og i neste KFH-kontakt.

Anne-Marit



Maleri av Eugene Burnand «Peter og Johannes på veg til Jesu si tomme grav»

Legg merke til uttrykka i andletet deira, og at dei er i fart. Jesus vil at me skal springa etter Han og Hans hensikter. Det kan gi oss forventning. Jesus spring også etter menneske som er i nød på ulike måtar. Han ønskjer å bruka oss for å røra ved den som er i nød. (Ord av Phillippe frå Israel, som er vertsland for bønneveka i januar 2020)



Bilde av Anne Marit og Kristina, ei frå den Ukrainske ungdomsgruppa med legar og medisinarstudentar, som på fritida reiste austover til den meir krigsherja delen av Ukraina, for å gi legehjelp til fattige, og for å dela evangeliet. Desse ungdomane gjorde eit sterkt inntrykk. Dei var gode representantar for landet sitt.

Påminning om saker til generalforsamlinga

Vi minner om at saker til generalforsamlingen må være sendt til Landsstyret innen 20. mars 2019. Kan sendes på e-post til kontakt@kfhelse.no



Bønn

Jeg vil dele et ord med dere som har vært i tankene mine den siste tiden. Ordet ble sagt til Josva da han skulle overta som leder for Israelsfolket etter at Moses var død. Kanskje følte han seg liten med tanke på den store oppgaven.

”Jeg har jo sagt deg: Vær modig og sterk! La deg ikke skremme, og mist ikke motet! For Herren din Gud er med deg i all din ferd” (Jos.1,9)

Takke- og bønneemner:

- Takke for at Jesus lever og hjelper.
- Takke for at Han er sterkere enn alt det vonde som møter oss.
- Be at kristne helsearbeidere må være levende bevis på Guds eksistens.
- Be for helseinstitusjoner og helsearbeidere på stedet der du bor.
- Be for planleggingen og gjennomføringen av landsmøtet på Lillehammer.
- Be for landsstyret, om visdom i ulike saker og om styrke til oppgavene.
- Be for valgkomiteens arbeid og at det blir en god sammensetning til nytt styre.
- Be om Herrens velsignelse over hver KFH-gruppe rundt om i landet, om nye grupper.
- Be om vern om livets begynnelse og slutt.

Sigrun Sollien, bønnekoordinator

Hilsen fra vår kontaktperson i Drøbak, Sigrun Finsrud Tomter


På oppfordring skriver jeg nå litt om min erfaring med brosjyrene ”Trygg når livet røyner på”.

Når jeg bestiller 50 brosjyrer om gangen, så blir de borte. Jeg har de liggende i bilen så jeg kan fylle på når de mangler i våpenhuset i Drøbak og Frogn kirke. Det er herfra de aller fleste brosjyrene blir borte. Det er blitt meg fortalt at en kvinne sa den reddet livet hennes.

Jeg har alltid noen brosjyrer i veska når jeg besøker, er med på andakter, eller synger med Frelsesarmen på sykehjemmet. Der er det ofte noen som tar imot, enten de bor eller jobber på hjemmet. ”Trygg når livet røyner på” er en så bra brosjyre at jeg håper den kunne finnes i kirker, sykehus og sykehjem og være kjent for prester og andre som jobber innenfor helsevesenet.

Disse heftene kan bestilles på nettsiden vår.

Ønsker og hilsen fra Sigrun Finsrud Tomter



TRYGG NÅR LIVET RØYNER PÅ



ANNE DE LEYSER OG «LOCAL HOUSES OF PRAYER»

Korleis kan lokale bønnehus ha innflytelse, slik at Hans vilje skjer og Hans rike kjem i helsesektoren?

Dei siste åra har det vore ein ekstraordinær bevegelse frå Gud som har strøymd ut frå eit retreat- og bønnesenter i Wales. Senteret heiter Ffald-y-Brenin. Ein kan lesa om dette ekstraordinære i bestseljarboka: «Strømmer av Nåde» av Roy Godwin. Ei av nøkkelenestene som har kome ut frå Ffald-y-Brenin er planting av lokale bønnehus. Det byrjar ofte med at 2-3 mennesker «tek eigarskap over» eit lite lokalområde for Jesus. Dei tilber, og ber om at Guds rike skal bryta inn, og dei gjer sin del for å forløyse dette gjennom sine vitnesbyrd og liv ved hjelp av «Caleb-spørsmål». Lokale bønnehus er bygd på bøn og fullføring av misjonsoppdraget. Visjonen er å sjå at Guds rike kjem og Hans vilje skjer i dette spesielle området på jorda som i Himmelen.

Anne de Leyser er direktør i «Local Houses of Prayer». Ho har undervist leiarar over heile verda i prinsippa om lokale bønnehus. Nyleg hadde ho gleda av å dela desse prinsippa på HCF si årlege europeiske bønneveke i Ukraina.

Anne brenn ikkje berre for nettverk av lokale bønnehus i «gata» eller i lokalområde, men også i alle samfunnslag og innflytelsesområde, slik som i politikken, kunsten, forretningslivet og i helsesektoren.

Når me søkjer Hans manifesterte nærvær og tek i bruk desse enkle prinsippa brukt i lokale bønnehus, vil me då erfare at Hans rike bryt ut i kraft i våre forsamlingar, lokalsamfunn, sjukehus og i alle samfunnslag?

